



**Lill Myklebust Skaadel frå Uskedalen, som no er kateketvikar på Karmøy, er heime att etter ein opplevelserik, 13 dager lang tur til Uganda. To konfirmantar og Jan Inge Revheim frå Strømmestiftelsen var dei andre deltakarane på turen.**

Konfirmantane var Liv Olaug Riisdal (Falnes kyrkje) og Marthe Jensen (Ferkingstad kyrkje). Begge var med og selde lys til inntekt for Strømmestiftelsens Skrikaksjon og alle som selde minst 6 lys var med i trekninga av turen.

Aksjonen er Strømmestiftelsens konfirmantaksjon og kvart år blir to menigheter trekt ut til å sende med ein konfirmant.

Stiftelsen har regionkontor i Kampala i Uganda. Ulik andre organisasjonar har den ikkje nordmenn i jobb ute i felten, men samlar inn pøenngar til partnarar. To pillarar i innsatsen er utdanning og mikrofinans, som hjelper folk i gang. Fattige får lån og skaffar seg dermed ein inntekt.

Ein av institusjonane delegasjonen var innom og som gjorde eit sterkt inntrykk var CRO - eit senter for gatebarn i Mbale.

Eit anna av høgdepunkta under opphaldet til dei fire var besøket på dagsenteret Miles2Smiles for barn opptil 6 år i Kampala..Her er Lill saman med Katherine Mitongo, direktør på senteret, som sørger for at mange små får ei lysare framtid enn dei ellers ville fått.

(Foto: Jan Inge Revheim)